

Tre lag i bygda får grasrotmidlar

28.03.2009

No er også idrettslaget i Uskedalen med i statistikken som viser innbetalte grasrotmidlar og dermed får tre lag nytta godt av ordninga: Idrettslaget, helselaget og skulemusikken. I tillegg kjem koret Røysterrett for alle

For få dager sidan hadde ni tipparar betalt inn 533 kroner til helselaget, medan 14 tipparar hadde gjeve 2.150 kroner til idrettslaget og 30 2.278 kroner til skulemusikken. To tipparar hadde betalt inn 226 kroner til Røysterrett for alle.

Framleis var det Trio som toppa statistikken klart i kommunen med 29.709 innbetalt frå 154 tipparar. Nummer to i statistikken var Rosendal Turnlag med 8.002 kroner som kom frå 53 personar.